



Publikum kosa seg i det fine veret på Aktivitetsdagen

Det blei sett ny omsetningsrekord for Damevennene under årets Aktivitetsdag med kr. 84.500,-! Då er ikkje omsetninga for Andaløpet tatt med då inntekta derifrå går til idrettslaget. Rett nok hadde ein ei større omsetning i fjor med kr. 95.000,-, men i den summen var det rekna med kr. 14.000,- frå kuskitbingoen til Bondelaget.



Robert Sundal grilla på standen til Sjøtroll

Resultatet er Damevennene sjølvsagt strålande nøgd med. Sjølv om ikkje sluttresultatet er klart enda, forventar dei å kunna overrekka ein flott sum til Aktivitetshuset i år og.

Det knytta seg sjølvsagt mest spenning til korleis publikum ville stilla seg til skiftet frå Hopp i Havet til Trø te' Sjøes konkurransen. Her var det ikkje noko grunn til bekymring då det viste seg at det blei minst like moro som før med like mange hyl, plask og våte deltakarar som tidlegare.

Damevennene vil nytta høve til å takka begge båthavnene for at ein får bruka området, Spar for all hjelp med mat, lån av isboks og kjøleskap, Auto 88 for sponing av gass til grillane, Byggeriet for hjelp og lagring av sykkel- og Hopp i Havet rampe, henting og levering av toget, Sjøtroll for grilling av fisk og alle dei friviljuge og andre som stilte opp og laga til denne flotte dagen.

Ei stor takk går og sjølvsagt til publikum som igjen straua til i hopetal og som gjer at det er berre er kjekt å laga til Aktivitetsdagen. Det blei blant anna delt ut 79 sjørøvarsertifikat, og då var det berre dei minste sjørøvarungane som fekk :-)

Mvh Damevennene

Nett: Anita Enæs

Foto: Hildegunn Klette



Det blei nokre plask under Trø te' Sjø's konkurransen - ikkje godt å sjå kven av deltakarane som dukka under her...